



Torbjørn Bøen
Moldekleivmarka 73
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1042 - 14/14595

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
29.09.2014

Søknad om oppføring av garasje på gbnr 27/250 - Trong for tilleggskontroll eller dispensasjonssøknad

FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM OPPFØRING AV GARASJE MED MÅLBART LOFT/TRONG FOR TILLEGGSDOKUMENTASJON TIL SØKNADEN

Det vert vist til søknad journalført 23.6.2014. Kommunen seier seg lei for lang sakshandsamingstid.

Mottakskontroll:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Grunngeven søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg, jf plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, eller
- Innsending av nytt situasjonskart med endra plassering av garasje innanfor byggegrenser.

Det vert vist til førebels svar frå Meland kommune av 13.6.2014. Her vart følgjande opplyst:

«Det vert gjort merksam på at garasje uansett må plasserast innanfor byggegrense vist i plankartet. Ved plassering utanfor byggegrense må det i så fall søkast om dispensasjon».

Kommunen viser vidare til utsnitt av plankartet med byggegrenser inntatt i førebels svar av 23.6.2014. I søknad journalført 23.6.2014 er garasjen vist i vedlagt situasjonskart med plassering i strid med byggegrensene. Omsøkt plassering krev difor dispensasjon frå reguleringsplanen sjølv om det er innhenta samtykke frå naboeigedomane. Det er trafikktryggleiksomsyn som ligg bak kravet om byggegrense mot veg. I ein eventuell søknad om dispensasjon må det grunngjevast at desse omsyna ikkje vert sett til side av omsøkt plassering.

Alternativet til å søke om dispensasjon er å endre plassering av garasjen, slik at den ikkje kjem i konflikt med byggegrensene i planen. Det må då sendast inn nytt situasjonskart som viser plasseringa.

Søknad om dispensasjon eller søknad om endra plassering skal i utgangspunktet nabovarslast. Det er høve til å søke om fritak frå nabovarsling, jf pbl 21-3, dersom naboane sine interesser er tilstrekkeleg ivareteke ved den varsling som allereie er gjennomført.

Det kan påreknast administrativ handsaming av ei eventuell dispensasjonssøknad, som etter ei førebels vurdering heller ikkje er naudsynt å sende på høyring til statlege og regionale styresmakter.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.10.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Ved behov for lengre frist, kontakt sakshandsamar Tore Johan Erstad.

Sakshandsamingsfrist:

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

På grunn av lang sakshandsamingstid før mottakskontroll i saka, vil kommunen prioritere handsaming av

Gebyr:

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all kontakt med kommunen i saka ver venleg å oppgi referanse 14/1042.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Torbjørn Bøen

Moldekleivmarka 5918
73

FREKHAUG